



Kreativ Aktiv Norsk DataUngdom

Nettside <http://www.kandu.no>

Org.nr. NO 988 148 245 MVA (VAT)

E-post: kontoret@kandu.no

Besøksadresse: Østensjøvegen 44, N-0667 Oslo

Postadresse: Postboks 4268 Nydalen, N-0401 Oslo

PRESSEMELDING – FOR GENERELL DISTRIBUTJON

15. mars 2008

Fredag 21. mars går dataungdom ut i gatene i Hamar for å demonstrere mot utdatert statleg tolkning av kulturbegrep, som fører til moms på datatreff.

Dataungdom i Noreg godtek ikkje lengre vedtak fatta av staten utan å protestere. Fredag i påska går store delar av The Gathering sine deltakarar i protesttog frå Vikingskipet til Stortorget i Hamar Sentrum.

Ved ankomst til sentrum kjem politikarar og ungdomsorganisasjonar til å annonserere si støtte til motstandsørsla mot moms via korte appellar.

Pål Eivind Jacobsen Nes, Styreleiar i KANDU, fortel at fredag blir ein spanande dag for deltakare på The Gathering: «Det er massiv transport til Ankerskogen Svømmehall hvor man kan svømme og ha det morsomt uten en eneste datamaskin i nærheten. Etterpå farer det rett til demonstrasjonstog, og dagen avsluttes med fotballturnering» og legg til med eit smil «og skatteetaten påstår i brevene sine at TG bare handler om å leke på nettverk...», ei klar utfordring til Skatteetaten til å kome på besøk. «Vi har sendt formell invitasjon i posten, men vi tviler på at dei tør å kome» avslutter han med.

«Det er ikke hver dag biler må vike for datanerder som går i protesttog ute» seier Andreas-Johann Ulvestad, nestleiar i KANDU-styret, generalsekretær i Hyperion N4F og koordinator av demonstrasjonsmarsjen. Han legg til «vi skal naturligvis gjennomføre demonstrasjonen i datapartystil, med konkurranser for beste slagord, mest unike banner og lignende».

Etter turen på eit kvarter står Panther, energidrikkssponsor av The Gathering 2008, klar med gratis energidrikk for å gje eventuell sliten dataungdom energi for returen til Vikingskipet.

Kort om saka:

Datatreffet The Gathering, arrangert av den ideelle og demokratiske organisasjonen Kreativ Aktiv Norsk DataUngdom, har fått pålegg om å betale meirverdavgift av billetter til arrangementet, til tross for at det er opning i lova for det motsette, og at arrangementet reknast som kultur av alle andre enn skatteetaten. Skatteetaten legg til grunn ei snever tolkning av kultur, og meiner at momsfrie aspekt av arrangementet som konkurranser, foredrag, konsertar og anna underholdning er «ubetydelig sideytelse». Dette sjøl om over 3.000 deltar i konkurransar og fleire hundre deltar på kvart foredrag. Hyperion Norsk Forbund For Fantastiske Fritidsinteresser og andre nasjonale interesseorganisasjonar støttar KANDU i kravet om momsfritak.

Om KANDU:

Kreativ Aktiv Norsk DataUngdom blei tufta i 1996, og har no om lag 6000 medlemmer. Organisasjonen har fokus på å hjelpe arrangørar av datatreff over heile landet, arrangere treff og promotering av kreativ databruk.

Om Hyperion (N4F):

Hyperion Norsk Forbund For Fantastiske Fritidsinteresser blei tufta i 2002, og har no om lag 12000 medlemmer fordelt på 150 medlemsforeiningar. Hyperion er ein nasjonal paraplyorganisasjon som organiserer små og store grupperingar av interesserte innan data, brettspel, rollespel, levande rollespel, media, historisk gjenskapning, miniatyr, improvisjonsteater og meir.

Informasjonsmøte:

Det vil bli halde eit informasjonsmøte førre avreise til sentrum. Her vil det vere mogleg å kome med spørsmål, og dei med presseakkreditering vil bli prioritert.

Akkreditering, pressefoto, spørsmål frå presse og kontaktinformasjon:

The Gathering sitt presseteam er klar til å besvare alle spørsmål. For akkreditering og informasjon: <http://www.gathering.org/tg08/press.html>, for bileter sjå <http://www.gathering.org/tg08/gallery/>

Presseteamet på The Gathering <press@gathering.org>

Pål Eivind Jacobsen Nes, styreleiar og presseansvarleg <pal.nes@kandu.no>, m: 481 75 808

Andreas-Johann Ulvestad, nestleiar <aj@kandu.no>, m: 917 54 579